

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 23.11.2021

Åsmund Berthelsen (SV) sette på vegner av A, MDG, Sp, SV og Krf slikt forslag:

«Tillegg:

Fylkestinget vedtok i desember 2020 at temaplanen Fornye og forbetre -Auka gjennomføring skulle vere eit styringsdokument og vere grunnlag for prioriteringar i sektoren. Vidare at det skulle utarbeidast eit tilhøyrande handlingsprogram der tiltak og prosessar var tidfesta og kostnadsrekna.

Då hovudutvalet handsama sak PS 41/2021 HU OPPKO Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument 3/21 den 8.9.2021 peika utvalet mellom på at «Mål og strategidokumentet «Fornye og Forbetre - auka gjennomføring» og kvalitetsmeldinga må danne grunnlag for prioriteringar i budsjettet for sektoren. Arbeidet med budsjett for sektoren må difor koordinerast med arbeidet med handlingsprogrammet.

Det vil vere avgjerande for gjennomføringa av temaplanen og handlingsprogrammet for «Fornye og Forbetre - auka gjennomføring» at tiltak vert innarbeidd i dei framtidige budsjetta og økonomiplanane.»

Avrøysting

Avdelingsdirektør sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Berthelsen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtek temaplan fornye og forbetre sitt tilhøyrande handlingsprogram

Fylkestinget vedtok i desember 2020 at temaplanen Fornye og forbetre -Auka gjennomføring skulle vere eit styringsdokument og vere grunnlag for prioriteringar i sektoren. Vidare at det skulle utarbeidast eit tilhøyrande handlingsprogram der tiltak og prosessar var tidfesta og kostnadsrekna.

Då hovudutvalet handsama sak PS 41/2021 HU OPPKO Budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025 - arbeidsdokument 3/21 den 8.9.2021 peika utvalet mellom på at «Mål og strategidokumentet «Fornye og Forbetre - auka gjennomføring» og kvalitetsmeldinga må danne grunnlag for prioriteringar i budsjettet for sektoren. Arbeidet med budsjett for sektoren må difor koordinerast med arbeidet med handlingsprogrammet.

Det vil vere avgjerande for gjennomføringa av temaplanen og handlingsprogrammet for «Fornye og Forbetre - auka gjennomføring» at tiltak vert innarbeidd i dei framtidige budsjetta og økonomiplanane.